


Kunngjering - oppstart av planarbeid

REVIDERING AV REGULERINGSPLAN FOR BUHAUGANE HYTTEFELT, FILEFJELL

Etter Plan- og bygningsloven § 12-8 vert det med dette gjort kjent at arbeid med detaljregulering for Buhaugane Hyttefelt på Filefjell er oppstarta. Detaljreguleringa er ein revisjon av reguleringsplanen for Buhaugane som vart vedteken i 2006. Lærdal kommune har i møttereferat frå oppstartmøte datert 07.07.23 gitt samtykke til at oppstart av planarbeidet kan varslast.

Tiltakshavar er Buhaugane Filefjell Utbygging AS. Konsulentfirma Prosjekt Systemer AS vil vere ansvarleg for arbeidet med planframlegget.

Planområdet ligg i Lærdal kommune på Filefjell. Området grensar mot E16 i avsnittet mellom Nedre og Øvre Smedalsvatn.



Areal og føremål

Oversyn over planområdet er synt på kartutsnittet over. Planområdet dekkjer ca. 1100 dekar.

Hovudføremåla i gjeldande plan er byggeområde for hytter og friluftsområde samt areal for vegar.

Føremålet med planrevisjonen er å oppdatere plankartet i den delen som til no er utbygt med hytter, slik at vegtraséar og hytteplasseringar i plankartet kjem i meir nøyaktig samsvar med det som faktisk er bygt. I tillegg vil vegtraséar og byggeområde i den delen som førebels ikkje er utbygt, verte justert etter

ei ny vurdering med grunnlag i eit meir detaljert kartgrunnlag, slik at plankartet kan danne eit meir presist grunnlag for prosjektering av vegar og VA anlegg. Ein større del av planområdet vil i framlegget få reguleringsføremålet LNFR, landbruk, natur, friluftsliv og reindrift.

Planbeskriving og føresegnar vil verte oppdatert i høve til gjeldande lovverk og forskrifter, samt i høve til kommuneplan for Lærdal, revidert 2023.

Planarbeidet vil elles omfatte desse temaene:

- Teknisk infrastruktur og kommunaltekniske løysingar
- Tilhøvet til E16 med omsyn på tilkomst, trafikktryggleik og drift av vegar og parkeringsplassar. Ein del av desse tilhøva er allereie utgreia og tatt hand om i Statens Vegvesen sin reguleringsplan og konsekvensutgreiing for E16.
- Risiko og sårbarheit. NVE har i seinare tid, etter at gjeldande plan vart vedteken, synt eit aktsemdsområde for snøras i ein del av planområdet.
- Kulturminner i området
- Miljø og naturmangfald

Planstatus

Revidert plan vil vere i samsvar med arealdelen i Lærdal kommune sin kommuneplan, som vart oppdatert i 2023.

Det er vurdert at planframlegget ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing jf. Pbl 4-2 og KU-forskrifta.

Merknader og innspel

Innspel eller spørsmål kan sendast innan 20.01.26 til:

Prosjekt Systemer AS, P.b. 45, 6821 Sandane

epost jan.berg@probit.no

Tlf +47 98105170

Vidare prosess

Etter at merknadsfristen er utløpt, vil innkomne innspel bli vurdert og kommentert i planomtalen. Det vil verte lagt opp til eit nytt arbeidsmøte med planavdelinga i kommunen, og deretter vil framlegget til ny plan bli sendt Lærdal kommune for handsaming etter plan- og bygningslova. Det inneber at framlegget vert sendt ut på høyring og handsama i formannskap og kommunestyre.

Mvh

Jan G. Berg

Prosjekt Systemer AS

Vedlegg

Planinitiativ

Liste over mottakarar av kunngjeringa